

5.-8. Gjeld spørsmål frå Ørjan Kriatiansen, Kolbjørn Lunga, Tor Ryland og Anne Kristine Jordal og Odd Harald Johnsen om flyttinga av Blom Fiskeoppdrett sitt anlegg.

Ordføraren har fått tilsaman 4 henvendingar med spørsmål som gjeld flyttinga av Blom Fiskeoppdrett sitt anlegg frå Laksevika til Trollhola i Herdlefjorden.

Ønskje om flytting av anlegget i Laksevika har bakgrunn i den militære forbodssona ved Hjertås som ikkje tillet at Blom Fiskeoppdrett får modernisert anlegget sitt. Saka har vore til handsaming i Utval for drift og utvikling (UDU), både til ordinær handsaming og til klagehandsaming. Saka er send til endeleg avgjerd hos setjefylkesmann, sidan fylkesmannen i Hordaland har klaga på avgjerda til Meland kommune. I alle saker som gjeld næringsutvikling , og arealutvikling generelt, er det potensiale for konflikt med allereie eksisterande tiltak som blir berørt. I alle rulleringar av planar og dispensasjonar er det derfor viktig at saka er best mogleg opplyst slik at kommunen kan fatte avgjerda på best mogleg grunnlag. I denne saka har ein måtta balansere omsynet til ein næringsaktør som er tvungen til å flytte, opp mot omsynet til bebuarane i Dalemarka. Eg er stor tillit til det grundige arbeidet både administrasjonen og utvalsmedlemmene har gjort. Med den foreslåtte vedtatte lokasjonen vil det vere om lag 600 m til næraste bustadhus. Eg vil presisere at saka ikkje er endeleg avgjort.

Ørjan Kristiansen spør kvifor saka ikkje er handsama i kommunestyret, men av utvalet. Det blir og vist til ein uttale frå politikaropplæringa til kommunen i mars. § 19-4 i plan- og bygningslova slår fast at det er kommunen som er dispensasjonsmynde. Kommunestyret avgjer kven som skal handsame dispensasjonssakene og delegerer sin mynde ut i organisasjonen. I Meland kommune er det UDU som er planutval og har fått tilhøyrande saker delegert frå kommunestyret. Eg meiner det er i tråd med gjeldande delegasjonsreglement at saka vart handsama av UDU.

Kolbjørn Lunga meiner at bebuarane i Dalemarka og miljøet ikkje er tatt omsyn til når kommunen har godkjent flyttinga. Det blir og stilt spørsmål om kven som skal betale ev. tap ved sal av bustad (grunna verdiforringing). Det er eit svært stort tal på sakspapir i denne saka, kommunen har hatt eit breitt grunnlag å fatte avgjerda på. Eg vil vise til den grundige saksutgreiinga frå administrasjonen, konsekvensutgreiinga som er utført og andre sakspapir. Det har og komme mange innspel frå bebuarar, organisasjonar m.fl. Det er på dette breie grunnlaget denne avgjerda er fatta. Utviklinga av kommunar skjer gjennom planar, og av og til blir det gitt dispensasjonar. Slik vil det skje endringar i arealføremål på mange stader i både vår kommune og i andre kommunar. I denne saka har ein forsøkt å balansere omsynet til både næring og bustadar, dette blir alltid ei avveiging. Påståtte verdiforringingar, her og andre stader, blir ei eiga sak.

Anne Kristine Jordal og Odd Harald Johansen ber om eit grunngjeve svar på vurdering av støy og lyskjelder. I saksutgreiinga, spesielt i konsekvensutgreiinga, er

det gjort vurderingar av desse forholda. Eg vil vise til det som kjem fram der, det er det som er bakgrunnen vedtaket er fatta på.

Tor Ryland spør om «på hvilket grunnlag vil Meland kommune gi dispensasjon til å flytta anlegget sitt frå Laksevika på Hjertås til Trollhola på grunn av at dei ikkje kan utvida der dei ligg i dag». I spørsmålet blir kjernen til flyttinga berørt. Grunna forsvaret si forbodssone har ikkje Blom Fiskeoppdrett noko som helst sjanse til å modernisere anlegget sitt der det ligg i dag. Verken Blom eller kommunen ønskjer i utgangspunktet å flytte anlegget. I prosessen har kommunen forsøkt å balansere omsynet til både næringsaktør og bebuarar. Her vil eg igjen vise til det grunnlaget som er utarbeidd for dispensasjonssøknaden, og vise til at det er om lag 600 m til næraste bustadhus.

Frekhaug, 14.12.2016

Øyvind H Oddekalv

ordførar